



Lindås Tomteselskap AS  
Hagellia 4  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2659 - 15/23973

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
30.06.2015

## Deling av grunneigedom for arealoverføring - Gbnr108/612 Lindås senter,

Eigedom: Gnr.108 bnr-612 Lindås senter  
Adresse for eiged.: 5955 Lindås  
Type tiltak: Deling av grunneigedom for arealoverføring  
Heimelshavar: Lindås Tomteselskap AS  
Søker: Lindås Tomteselskap AS

### Saka gjeld:

Heimelshavar ynskjer å dele frå om lag 1300m<sup>2</sup> frå eigedommen 108/612. Arealet er parkeringsareal framfor brannstasjonen på Lindås, og skal overførast til gnr.108 bnr.617 som er brannstasjonen. Lindås kommunen eig brannstasjonen og skal også overtake parkeringsarealet. Heile 108/612 er 15,9da.

### Planstatus/dispensasjonar:

Området der tiltaket ligg er regulert til føremålet. Dispensasjon er ikkje naudsynt.

### Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Tiltaket er arealoverføring, spørsmål knytt til tilkomst, vassforsyning og avløp er ikkje aktuelt.

### Nabovarsel:

Det er ikkje naudsynt med nabovarsel i denne saka.

### VEDTAK:

Med heimel i Pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå ein parsell på om lag 1300m<sup>2</sup> frå gnr.108 bnr.612, slik det er søkt om og synt på kart datert 19.06.2015. Parsellen skal nyttast som tillegg til gnr.108 bnr.617 og føyast saman med denne eigedommen.

### Grunngjeving for vedtaket – pbl §20-1:

Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan.



Det gjeld frådeling av ein parsell frå fellesareala i Lindås senter. Arealet er nytta til parkering i samband med brannstasjonen – gnr.108 bnr.617. Brannstasjonen/Lindås kommune skal nå overtake eigedomsretten til dette arealet.

Arealbruken er i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

**Bortfall av løyve:**

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. § 21-9 i pbl.

**Gebyr:**

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014, gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremål, grenser ikkje fastsett i godkjend plan                      kr.6200,-

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

**Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak, og partane kan klage over avgjerda innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§28 flg.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lindås Tomteselskap AS

Hagellia 4

5914

ISDALSTØ